

Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 18.03.2015
Vår ref.: 2015/2141-3
Saksbehandlar: inggase
Dykkar ref.:

Eknes - gnr 238 bnr 84 – søknad om riving av eksisterande naust og etablering av nytt naust jf. pbl § 20-1- Lindås kommune. Kulturminnefagleg fråsegn.

Vi viser til Dykkar e-post datert 18.02.2015, samt e-postkorrespondanse datert 27.02.2015, med ovanfor nemnde sak til fråsegn.

Seksjon for kulturminnevern og museum, har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevernet. Vi gjer merksam på at Hordaland fylkeskommune for tida handsamer dispensasjonssaker berre med omsyn til interesser innan kulturminnevernet, og føreset at kommunen sjølv vurderer andre sider av saka.

Kva saka gjeld

Lindås kommune har motteke søknad om riving av et eldre verneverdig naust for å bygge nytt naust på eigedom gnr. 238, bnr. 84 på Eknes indre.

Søknad om riving inneheld ikkje nokon grunngjeving om kvifor tiltakshavar ynskjer å rive eksisterande naust. I gjeldande kommuneplan ligg eigedommen i område LNF- spreidd. Nausttomter i dette området, er vurdert som ferdig utbygd.



Den 18. februar var kommunen på synfaring på staden og fekk tatt bilete av naustet.

Vurdering av tiltaket

Bilettdokumentasjonen som føreligg i saka, viser at naustet er av eldre dato, bygd med tradisjonell lafteteknikk. Det ser elles ut som om naustet er i god stand.

Hordaland fylkeskommune kan ikkje sjå at det føreligg gode nok grunnar som tilrår riving av eksisterande naust. Vi meiner naustet har høg lokal kulturminneverdi, og er eit godt døme på eldre byggeskikk knytt til den lokale og stadeigne kystkulturen i Lindås kommune. Vi rår difor til at naustet vert teken vare på som bruksressurs og sett i stand, jf. pbl § 11-9 nr. 7 og gjeldande kommuneplan sine generelle føresegner § 1.23:

Verneverdige enkeltbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogeleg grad takast vare på som bruksressurs og settast i stand.

Vi vil elles rå kommunen til å ta kontakt med bygningsvernkonsulent Arild Sætre ved kulturverntenesta i Nordhordland, Museumssenteret i Hordaland, som kan gje faglege råd i høve til korleis naustet kan settast i stand. For meir informasjon om kulturverntenesta i Nordhordland sjå <http://www.muho.no/kulturverntenesta>.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune rår i frå at det vert gjeve løyve til riving av eksisterande naust og bygging av nytt naust på eigedom gnr. 238, bnr. 84 på Eknes indre i Lindås kommune. Vi ber om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1382.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Inger Lena Gåsemyr
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.